Flora Industri- og Næringsforening

ÅRSMELDING FIN 2017

Årsmøtet 2017

Årsmøtet vart halde 6. april 2017, på Quality Hotel Florø.
Pga. flytrøbbel arrangerte vi temamøte før årsmøtesakene. Tema omhandla det grøne skifte i maritime næringar – og kva det betyr lokalt.

- Maritim Forening Sogn og Fjordane og Trond Strømgren presenterte sitt eige arbeid i tillegg til Brødrene Aa si hydrogensatsing.

- Jan Henrik Nygård orienterte om Br. Aa, Flora Skyssbåt og Flora kommune sitt pilotprosjekt om hydrogen.

- Svein Bjørkedal orienterte om INC gruppa og Fjord Base sine planar for å utvikle fyllestasjon for hydrogen.

- Deon Mortensen orienterte om Fjord1 sine satsingar og utfordringar i den grøne skifte.

Totalt 50 personar meldte seg på årsmøtet.

Årsmøtet valde følgjande styre:
Leiar: Bjørn Hollevik, Grind (ikkje på val)
Nestleiar: Tore Havn (attval for 2 år)
Styremedlem: Thor-Arne Ullaland, Trygve Ullaland AS (ikkje på val)
Styremedlem: Gustav Johan Nydal, Polarny (ikkje på val)
Styremedlem: Kristin Bergstøl Hansen, Slakteriet (attval for 2 år)

1. vara: Roald Førde, INC (attval for 1 år)
2. vara: Marianne Ullaland Knapstad, BBservicesystem (attval for 1 år)

Attval på revisor Jan Inge Rygg, BDO

Næringsareal og oljebase

I 2017 har etterspørselen etter næringsareal vore noko avtakande, men vi ser at fleire aktørar har førebudd seg på meir aktivitet i framtida. Noko av det som har skjedd på arealsida i 2017:

- Utviding av basen vestover med bru, kaianlegg og vegar på området.
- Samarbeidet mellom Flora Hamn og Ullaland, med tilrettelegging av uteareal og lagerkapasitet på Trolleskjæret.
- SFE si utviding vestover på Trolleskjæret

Denne offensive satsinga på tilrettelegging av nytt areal i nedgangstider – er eit positivt kjenneteikn på næringslivet i Flora.

For oljebasen og byen er det avgjerande viktig at PGS Geophysical – verdas største seismikkselskap – etablerer seg på det nye arealet i vest. Samtidig er søknaden om landbasert oppdrett på området sendt til behandling. Med vedtaket om Snorre Expansion Project (SEP)

vil aktiviteten på oljebasen auke monaleg i åra framover. Dette vil skape auka aktivitet og auke behovet for effektive areal på basen.

I Gunhildvågen kjem no Global Fish med etablering av pelagisk verksemd, med ein planlagt større produksjon enn det Pelagia hadde tidlegare. Truleg vil dette på sikt krevje tilrettelegging av meir areal.

På Nesjane i Eikefjord satsar Brødrene Aa offensivt, og det ledige arealet der blir tatt i bruk.

Slik sett må FIN framleis arbeide sterkt for at det blir lagt til rette for utbygging av nye næringsareal i kommunen.

Næringsutvikling
Aksello AS er eit regionalt næringsutviklingsselskap og inkubator – og jobbar med næringsutvikling i Flora kommune. Medeigarar i selskapet er SIVA, Flora kommune, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, FIN, Westcon Yard Florø, Saga Fjordbase, Statoil og Neptune (Engie). FIN har ein eigardel på ca. 11 % og er størst av dei private eigarane.

Aksello arbeider med utvikling av næringslivet frå førstelinjeteneste til utvikling og vekst i det etablerte næringslivet. Dei administrerer også det kommunale næringsfondet, og har eigne program innan idelab og inkubator. Aksello skal vere ei vesentleg drivkraft i auka verdiskaping i fylket. Ein opplever ei stadig auka merksemd på marin satsing og det grøne skiftet.

Dei faste frukostmøtesamlingar i månaden er ein god og viktig møteplass for informasjon og samhandling, som næringslivet i kommunen set stor pris på.

FIN var med på petroleumskonferansen Vekst i Vest i Florø i november, som samla mange av medlemmane. Vekst i Vest baud på interessante innlegg både frå lokale og nasjonale aktørar. Tema var i hovudsak utfordringar og moglegheiter i petroleumsnæringa. Det grøne skiftet og grøn logistikk var eit viktig tema her også.

Kommunikasjonar
Florø Lufthamn blir stadig viktigare som kommunikasjonsknutepunkt og er avgjerande viktig for næringslivet i Flora. Nedgangen i oljesektoren, har gjort at tal passasjerar over Florø Lufthamn er blitt stadig redusert dei siste åra. Vi ser no at passasjertala på nytt er aukande – først og fremst på grunn av auka aktivitet i oljesektoren – men også i andre næringar.

FIN leigde inn Møreforsking, som skulle sjå på moglegheitene for å få tilbake FOT-ruter i Florø, så snart som råd. I den samanheng har vi fått omdisponert midlane frå kommunen - som var avsett til flyplasskonferanse - til å vere med å dekke kostnadane med Møreforsking sitt arbeid.

Målet med rapporten til Møreforsking har vore:

1. Å få fram eit objektiv og opplysande dokument / produkt, som skal vise dei politiske myndigheitene vegen å gå i prosessen fram mot FOT-ruter.

2. Dokumentet må utarbeidast av eit organ som har fagleg kapasitet og høg standing i det politiske miljøet

Arbeidet til Møreforsking var ferdigstilt medio august.

På bakgrunn av rapporten sendte styret ut ei pressemelding, til det politiske miljøet og til pressa i Sogn og Fjordane – der ein presiserte:

- Tilbodet er blitt dårlegare grunna kraftig prisauke (25-40 %) og nedgang i ruteproduksjon (20 %). Dette gir eit samfunnstap i regionen på 7-8 millionar og ein fordelingseffekt frå passasjerane til flyselskapet på 40-60 millionar.

- Trafikken er så låg at det ikkje er grunnlag for meir enn ein flyaktør.

- FOT-ruter i Florø treng ikkje høge statlege tilskot.

- Det er ikkje formelle hindringar for å legge Florø inn under FOT-rutesystemet , og dette kan gjerast uavhengig av dei andre FOT-rute flyplassane.

Funna i rapporten dokumenterer svekking av rammevilkåra til næringslivet i regionen som følgje av kommersialiseringa, og den er tydeleg på at det berre er eit politisk vedtak som kan få FOT-rutene på plass igjen i Florø, og dette kan gjerast allereie no.

Leiar i FIN har hatt fleire møter det politiske miljøet for å prøve å få på plass igjen FOT rutene. 27. februar 2018 fekk Samferdsledepartementet sin eigen rapport frå Møreforsking, som seier at det er eit politisk spørsmål om ein ønskjer å gå vidare med kommersielle eller FOT ruter i Florø. Dersom ein går for at flyruter skal ut av FOT-systemet så meiner Møreforsking at også Førde Lufthamn bør endrast på.

Det som elles går fram av rapporten frå Møreforsking er at innhaldet i FOT-systemet har endra seg. Reknemodellen for å berekne maksprisar vil no føre til at desse aukar med 10 % i det nye anbodet som blir lagt ut. Tal rundturar på kortbanenettet vårt blir redusert. Med fylkeskommunen si overtaking av driftsansvaret av kortbanenettet frå 1.1.2020 vil FOT-rutetilbodet bli redusert i framtida.

Arbeidet med flytilbodet ved Flora Lufthamn vil truleg ha stor merksemd for FIN også i tida framover.

FIN er opptatt av vegsamband og båtrutetilbodet i Flora og på kysten av Sogn og Fjordane. Styret sendte 1. desember ein uttale om Kystvegen og traseval, i samband med Regional Transportplan (RTP), Geografisk plan for kysten og Plan for Bu-, arbeids- og serviceregionar (BAS). Alle desse planane har ein fellesnemnar, nemlig kommunikasjon. FIN ba i sin uttale om at fylkespolitikarane vel Terøy-alternativet. Subsidiert at ein stemmer for utsetting av trasevalet mellom Grov og Myklebustdalen, sidan dette er den siste parsellen mellom Flora og Vågsøy som skal byggast. Uttalen gjekk til Fylkestingspolitikarane i tillegg til pressa.

Forslaget frå FIN fekk ikkje fleirtal i fylkestinget, men FIN har langt i frå lagt Terøy-alternativet dødt av den grunn. Det som likevel var positivt i vedtaket om RTP er at vegtraseen rundt Svelgen vart løfta øvst på prioriteringslista – med oppstart i 2021.

Samarbeid med Flora kommune
FIN har i mange år lagt vinn på å ha ein god relasjon til den politiske og administrative leiinga i Flora kommune. Her har flyplass-saka vor ein viktig faktor i tillegg til næringsareal. Flora kommune støtta oss siste året økonomisk med midlar til rapport frå Møreforsking, og ein har hatt fleire felles utspel mot det politiske miljøet på Stortinget om flyplass-saka.

Styret i FIN ønskje å presisere 3 punkt som vi meiner må vektleggast i kommunen sine plandokument:

1. **Lufthamna:** Det må leggast til rette for utviding av Flora Lufthamn til ei 2000 metersbane, i samsvar med det Flora kommune seier i sin uttale til NTP.

2. **Areal til næringsføremål:** Det må leggast til rette for meir sentrumsnære næringsareal.

3. **Tilrettelegging for havbruk:** Det må sikrast nok kapasitet i arealplanen i sjø til veksten som vil komme innanfor havbruk.

Regionalt samarbeid
Sunnfjord Næringsråd samarbeidsorganet for næringsorganisasjonane i Flora, Førde og Bremanger, og er ein paraplyorganisasjon for desse. Tore Havn og Bjørn Hollevik frå FIN er styremedlemer. Sunnfjord Næringsråd har fokus på dagsaktuelle problemstillingar. Dei viktigaste sakene i 2017 var samferdsle, utdanning og felles aktivitet. Vi har mellom anna sett fokus på å styrke yrkesfagleg og høgare utdanning i regionen. På samferdslesida har E39 og Kystvegen vore i fokus. "Samrøre i Sunnfjord" er eit felles arrangement som siste året gjekk av stabelen i Førde, med besøk hos Reodorklubben og Jølstramuseet 19. oktober 2017.

Tema på FIN sine styremøte i 2017
- Kommersialisering av flytilbodet på Florø Lufthamn
- Kva må til for å realisere FOT-ruter
- Korleis engasjere medlemsbedriftene
- Kystvegen Ålesund - Bergen med fokus på 45 minutters regionen
- Satsing på havrommet
- Tilgjengeleg næringsareal, og behovet for dette
- Kommunesamanslåing og samarbeid på kysten
- Samarbeid og felles utfordringar i Sunnfjord
- Felles aktivitet i regionen (ope medlemsmøte / Samrøre i Sunnfjord)
- Parkeringsløysing for større køyretøy i Flora
- Møte med ulike medlemsbedrifter (Slakteriet, Westcon, SFE) der dei har orientert om sine utfordringar.

Flora Industri- og Næringsforening

Organisering
Kinn Regnskap AS har også i 2017 vore forretningsførar for FIN.
A til Å v/ Anita Øygard har vore engasjert for å utføre sekretærfunksjonen i FIN.

Medlemsutvikling
FIN hadde 72 medlemsbedrifter pr. 31.12. 2017.

Møteaktivitet
Foreininga har hatt 6 styremøte og 2 opne medlemsmøte i løpet av dette arbeidsåret. I tillegg har vi delteke på "Samrøre i Sunnfjord", med Førde Industri og Næringssamskipnad som vertskap. Felles julemøte med Petroleumsforeninga. Arrangert open båt på el-ferja Eidsfjord, då den låg i Florø. Representantar frå FIN har deltek på ein del konferansar, arrangert av Maritim Forening SF, Petroleumsforeininga og Fylkeskommunen.

Det har vore arrangert månadlege frukostmøte i arbeidsåret, i regi av Aksello. FIN ser på dette som eit viktig supplement til aktiviteten i FIN. Aksello si rolle som lokal næringsutviklar og regional inkubator er avgjerande viktig for utviklinga av næringslivet i kommunen. Som største eigar foreslår styret i FIN at vi også i år bidreg med kr 100.000 i driftsstøtte til Aksello.

Styreleiar i FIN har delteke på fleire konferansar og møter i 2017; Karrieremesser, Vekst i Vest i Florø, Temposeminaret, Leverandørkonferansen Statoil / Maritim Forening. Dessutan har styreleiar deltatt i fleire møter i samband med flyplass saka i departementet og med Møreforsking. Leiar har og hatt fleire møter med representantar for kommunen i samband med saka om langtidsparkering for store køyretøy.

Florø _____

_____	_____	_____
Bjørn Hollevik	Tore Havn	Gustav Johan Nydal
Leiar FIN	Nestleiar FIN	Styremedlem
_____	_____	
Thor-Arne Ullaland	Kristin Bergstøl Hansen	
Styremedlem	Styremedlem	